


DELEGERINGSREGLEMENT ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE



Vedteke av kommunestyret 16.09.2020 i sak 55/20

1 Generelt om delegering

1.0 Generelt

1.0.0 Generelt

Dette delegeringsreglementet skal være eit verktøy for legge til rette for god service, effektiv produksjon av tenester og forvaltning, og legge til rette for gode politiske måldebattar.

Delegering gjev og ei klar ansvarsplassering i høve til funksjonar og oppgåver i organisasjonen og er tydeleg for innbyggjarane.

Ved å delegerare myndigheit til rådmannen til å ta avgjerd i ikkje-prinsipielle saker, får administrasjonen frigjort ressursar og tid om kan nyttast til betre tenester for innbyggjarane, meir utviklingsretta arbeid og betre tilrettelegging av prinsipp saker, skjønnsaker og andre spørsmål som bør handsamast av politisk organ.

Delegert myndigheit skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer fastsett av overordna organ, innanfor rammer og føresetnader i budsjett/økonomiplan, og i samsvar med god forvaltningsskikk.

Det organet som har delegert myndigheit, skal kunne føre tilsyn med myndigheita som er delegert. Difor må det etablerast hensiktsmessige rapporteringsrutiner. Vidare ser ein det som naturleg at det er jamlege møter mellom rådmannen og politisk leiding, der samarbeidet mellom administrasjonen og politikarane er tema.

Det delegerande organet (overordna organ), kan krevje å få seg lagt føre alle saker som eit underordna organ har til behandling etter delegert myndigheit. Dersom endeleg vedtak ikkje er gjort, kan det delegerande organet sjølv gjere vedtak i saka. Det overordna organet kan på eige initiativ gjere om eit vedtak som er gjort av eit underordna organ i samsvar med føresegnene i Forvaltningslova. Overordna organ bør bruke si myndigheit til å gripe inn i einskildsaker med stor varsemd. Slike inngrep bør ikkje skje utan vektig grunn, og utan at det underordna organet blir tilstrekkeleg informert og konsultert.

Eit organ som har fått delegert myndigheit, kan i særlege høve på eige initiativ be det overordna organet om å gjere endeleg vedtak.

1.0.1 Kommunestyret

Kommunestyret skal sjølv avgjere:

1. Saker som etter lov/forskrift ikkje kan delegerast.
2. Saker som medfører betydelege endringar i det kommunale tenestetilbodet.
3. Andre saker som ikkje er delegert til formannskapet, til rådmannen eller til andre.

Kommunestyret har så sant ikkje myndigheit er særskilt delegert til andre organ eller til rådmannen, følgjande myndigheit:

1. Nemne opp råd og utval
2. Fastsette mål og forventningar til tenesteproduksjonen
3. Vedta temaplanar og andre overordna planar
4. Vedta reglement som set rammer for tenesteproduksjonen
5. Vedta kommunale forskrifter
6. Vedta kommunale gebyr/betalingssatsar og retningslinjer for bruk av gebyrinntekter

1.0.2 Formannskapet

Formannskapet har det politiske hovudansvaret for saker som gjeld den kommunale administrasjon, organisasjonsutviklingssaker, overordna planer og sektorovergripande saker, herunder økonomisaker.

Kommunestyret delegerer til formannskapet å ta avgjerd i hastesaker, jf. kommunelova.

1.0.9 Ordføreren

Ordføreren har myndigheit til å møte i generalforsamling i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, og har kompetanse til å delegere til annan person å møte når ordføreren ikkje har høve til å møte sjølv, eller finn det tenleg at annan politikar/tenestemann møter.

Ordføreren har delegert myndigheit frå kommunestyret til å gjere vedtak i hastesaker i samsvar med føresegner i kommunelova, dersom heller ikkje formannskapet har høve til å avgjere saka.

Dersom rådmannen blir inhabil i ei sak der myndigheit er delegert til rådmannen, skal vedtak gjerast av ordføreren, dersom ikkje anna er særskilt sagt av kommunestyret. Også i andre høve der rådmannen er inhabil, trer ordføreren inn i staden for rådmannen med tilsvarande fullmakter, med mindre lov eller særlege reglar seier noko anna.

Dersom det er tvil om ei sak kan avgjerast av rådmannen, skal rådmannen drøfte dette med ordføreren. Dersom det ikkje blir semje, skal saka avgjerast i eit politisk utval.

1.0.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere alle einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning, med mindre lov/forskrift eller kommunestyrevedtak er til hinder for dette.

Om kva som er av prinsipiell betydning, framgår det av Ot.prp. nr. 42 (1991 - 92) mellom anna at dette må fastsetjast ikkje berre ut frå vedtaket sin karakter og konsekvensar og ut frå kommunen sin storleik, men også ut frå ei vurdering av i kva utstrekning dei viktige skjønsmessige sidene av den aktuelle avgjerda må sjåast på som klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

Avgjerder som er fagleg prega og har liten grad av skjønn, vert rekna som ikkje prinsipielle. Rådmannen har høve til å handsame saker som har prinsipielle element i seg ved å leggja dei fram for politisk utval som ei einskild sak eller å trekkja ut dei prinsipielle spørsmåla og leggje dei fram for politisk handsaming, før saka vert avgjort administrativt.

Følgjande avgjerder vert rekna som prinsipielle:

1. avgjerd som krev ei breiare skjønsmessig vurdering
2. avgjerd der det er politiske vurderingar eller prioriteringar
3. avgjerd der ein innleier ein ny praksis
4. avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet

Rådmannen har myndigheit til å varsle alle saker overfor partar og ålmenta før saka blir lagt fram for politiske organ.

Rådmannen har innstillingsrett overfor alle folkevalde organ med unntak av kontrollutvalet.

Rådmannen signerer på vegne av kommunen, dersom det ikkje er særskilt bestemt at dette er lagt til ordførar, jf. føresegnene i kommunelova.

Rådmannen har høve til å vidaredelegere avgjerdsmyndigheit internt i administrasjonen, med mindre lov/forskrift eller delegeringsvedtak er til hinder for dette.

Alle kommunale folkevalde organ kan delegere avgjerder til rådmannen såframt kommunestyret ikkje har bestemt noko anna.

Dersom rådmannen blir inhabil i ei sak der myndigheit er delegert til rådmannen, skal vedtak gjerast av Ordføraren, dersom ikkje anna er særskilt sagt av Kommunestyret. Også i andre høve der rådmannen er inhabil, trer ordføraren inn i staden for rådmannen med tilsvarande fullmakter, med mindre lov eller særlege reglar seier noko anna.

Dersom det er tvil om ei sak kan avgjerast administrativt, skal rådmannen drøfte dette med ordføraren. Dersom det ikkje blir semje, skal saka avgjerast i eit politisk utval.

2 Delegering etter særlov

2.0 Generelt

2.0.0 Generelt

Om det er saker som skal avgjerast etter særlov som ikkje er nemnt i opplistinga her, skal desse sakene behandlast etter det generelle prinsippet fastsett i dette reglementet.

Saker om sanksjonar etter særlov er delegert til rådmannen, med mindre noko anna er særskilt bestemt, eller dette er i strid med lov/forskrift.

2.1 Alkohollova

2.1.1 Kommunestyret

Kommunestyret vedtek sjølv alkoholpolitisk handlingsplan.

2.1.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter alkohollova. Unnateke frå delegering:

1. saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.
2. Vedtak om inndraging av sals- og skjenkeløyve, likevel slik at vedtak om inndraging av løyve inntil attestert omsetningsoppgåve er levert, samt vedtak om inndraging av løyve inntil ilagt omsetningsgebyr er betalt, kan gjerast av rådmannen.

2.2 Barnehagelova

2.2.1 Kommunestyret

Kommunestyret fastset sjølv vedtekter for barnehagane og vedtek foreldrebetalinga.

2.2.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter barnehagelova, herunder å godkjenne barnehagar, forvalte driftstilskott til private barnehagar, føre tilsyn med barnehagane, godkjenne heim for familiebarnehage, gjennomføre opptak og å dispensere frå krav til utdanning.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.3 Barnevernlova

2.3.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter barnevernlova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.4 Beitelova

2.4.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter beitelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.5 Brann- og eksplosjonvernlova

2.5.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter brann- og eksplosjonsvernlova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.6 Eigarseksjonslova

2.6.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter eigarseksjonslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.7 Eigedomsskattelova

2.7.2 Formannskapet

Kommunestyret delegerer til formannskapet å ivareta kommunen sine partsinteresser i saker om eigedomsskatt.

2.7.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter eigedomsskattelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.8 Film og videogram

2.8.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter Lov om film og videogram.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.9 Folkebiblioteklova

2.9.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter folkebiblioteklova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.10 Folkehelselova

2.10.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter folkehelselova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.11 Forpaktingslova

2.11.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter forpaktingslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.13 Forureiningslova

2.13.1 Kommunestyret

Kommunestyret vedtek forskrifter om avfall, fastset avfallsgebyr, og vedtek plan for akutt forureining.

2.13.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter forureiningslova, herunder å krevje inn avgift på avløp, krevje utkopling av slamavskiljar ved tilknytning og pålegg om å rydde i avfall.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.15 Friluftsløva

2.15.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter friluftsløva, herunder å vedta og kunngjere reglar for åtferd, og krevje stans i arbeid i strid med lova og å krevje bygg eller anna innretning fjerna.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.16 Friskolelova

2.16.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter friskolelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.17 Gravferdslova

2.17.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter gravferdslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.18 Helse- og omsorgstenestelova

2.18.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter helse- og omsorgstenestelova, herunder å:

- gjere vedtak om å yte helsehjelp
- gjere vedtak om vederlag for tenester
- inngå avtale om privat praksis på kommunalt ansvarsområde
- inngå avtale med organisasjon mv. om tilsvarande praksis

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.19 Hundelova

2.19.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter hundelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.20 Husbanklova

2.20.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter husbanklova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.21 Husleigelova

2.21.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere innskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter husleigelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.22 Introduksjonslova

2.22.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter introduksjonslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.23 Jordlova

2.23.2 Formannskapet

I saker som blir behandla av formannskapet etter plan- og bygningslova, og som treng vedtak etter særlover, har formannskapet kompetanse til å avgjere saka også etter særlov.

Kommunestyret delegerer si avgjerdsmyndigheit etter jordlova til formannskapet.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, og saker som er delegert til rådmannen.

2.23.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter jordlova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.24 Kommunal forkjøpsrett til leigegardar

2.24.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker etter Lov om kommunal forkjøpsrett til leigegardar.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.26 Konkurslova

2.26.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter konkurslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.27 Konesesjonslova

2.27.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter konesesjonslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.28 Kyrkjelova

2.28.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter kyrkjelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.29 Laksefisk og innlandsfisk m.v.

2.29.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.31 Matlova

2.31.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter matlova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.32 Matrikkellova

2.32.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter matrikkellova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.33 Motorferdsellova

2.33.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, herunder å gje dispensasjon etter lov eller reglement når det ligg føre særlege grunnar.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.34 Naturmangfaldlova

2.34.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter naturmangfaldlova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.35 Naturskadelova

2.35.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter naturskadelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.36 Odelslova

2.36.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter odelslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.37 Opplæringslova

2.37.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter opplæringslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.38 Plan- og bygningslova

2.38.2 Formannskapet

Kommunestyret delegerer si avgjerdsmyndigheit i saker etter plan- og bygningslova til formannskapet.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, og saker som er delegert til rådmannen.

Dersom det i lov/forskrift er bestemt at eit statleg organ skal være klageinstans, er formannskapet underinstans ved klager etter plan- og bygningslova. Dette gjeld også når det opphævelege vedtaket er gjort av rådmannen (eller er vidaredelegert frå rådmannen).

2.38.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter plan- og bygningslova, herunder å gjere små endringar i reguleringsplanar, til å avslå søknader om dispensasjon og å samtykke i dispensasjonssaker der det ikkje ligg føre merknader frå berørte partar.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.39 Politilova

2.39.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter politilova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.41 Psykisk helsevernlova

2.41.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.42 Serveringslova

2.42.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter serveringslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.44 Skogbrukslova

2.44.2 Formannskapet

I saker som blir behandla av formannskapet etter plan- og bygningslova, og som treng vedtak etter særlover, har formannskapet kompetanse til å avgjere saka også etter særlov.

Kommunestyret delegerer si avgjerdsmyndigheit etter skogbrukslova til formannskapet.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, og saker som er delegert til rådmannen.

2.44.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter skogbrukslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.45 Smittevernlova

2.45.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter smittevernlova, herunder å gje helsepersonell pålegg om opplæring og deltaking i arbeidet med smittevern og å peike ut ein kommunelege med ansvar for smittevern.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.46 Sosialtenestelova

2.46.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.47 Stadnamnlova

2.47.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter Lov om stadnamn.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.48 Straffelova

2.48.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer si myndigheit til å begjære offentleg påtale etter straffelova til rådmannen. Delegeringa omfattar berre i tilfelle der offentleg påtale er betinga av begjæring frå kommunen som fornærma, dvs. betinga offentleg påtale.

Rådmannen kan kun begjære offentleg påtale i typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

2.49 Strålevernlova

2.49.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter strålevernlova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.50 Tobakksskadelova

2.50.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter tobakkskadelova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.51 Tvangsfullbyrdingslova

2.51.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter tvangsfullbyrdingslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.52 Tvistelova

2.52.10 Rådmannen

Rådmannen har prosessfullmakt i sivile saker. Rådmannen kan som prosessfullmektig ta imot forkynning, gje tilsvar og andre prosesskriv, erklære motsøksmål, intervensjonssøksmål, anke og krevje kjærsmål. Det kan gjevast rett til å krevje fullbyrding av innhaldet i dommen, så langt lova tillet det.

Der det er fare for at krav kan gå tapt har rådmannen, på vegne av kommunen, rett til å reise søksmål.

Rådmannen har rett til å engasjere advokat for å ivareta kommunen sine interesser i sivile tvistar.

2.54 Vaksenopplæringslova

2.54.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter vaksenopplæringslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.55 Vallova

2.55.8 Valstyret

Kommunestyret delegerer si avgjerdsmyndigheit etter vallova til Valstyret.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, og saker som er delegert til rådmannen.

2.55.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter vallova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.56 Vannressurslova

2.56.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter vannressurslova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.58 Veglova

2.58.2 Formannskapet

Kommunestyret delegerer si avgjerdsmyndigheit etter veglova til formannskapet.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, og saker som er delegert til rådmannen.

2.58.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter veglova, herunder å gje samtykke til at det krevjast bompengar for ferdsel på privat veg.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.59 Vegtrafikklova

2.59.2 Formannskapet

Kommunestyret delegerer si avgjerdsmyndigheit etter vegtrafikklova til formannskapet.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, og saker som er delegert til rådmannen.

2.59.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter vegtrafikklova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

2.60 Viltlova

2.60.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å avgjere einskildsaker og saker som ikkje er av prinsipiell betydning etter viltlova.

Unnateke frå delegering er saker som etter lov, forskrift eller reglement ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ, eller som er delegert til andre.

3 Budsjett-/økonomisaker

3.0 Generelt

3.0.1 Kommunestyret

Kommunestyret skal sjølv avgjere:

1. Saker som etter lov/forskrift ligg til kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ
2. Omdisponeringar som kjem i strid med føresetnader eller prioriteringar som er lagt til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak, eller som fører til vesentlege bindingar for kommunen sitt budsjett utover budsjettåret.
3. Omdisponering av større meirinntekter.
4. Fastsetjing av låneramme, og saker om å stille garanti, jf. Kommunelova.
5. Saker om å fastsette priser/avgifter/gebyr for ytingar frå Øystre Slidre kommune.
6. Saker om konsesjonar eller avtaler om bruksrettar eller servituttar til ein verdi av 500 000 kr eller meir.

3.0.2 Formannskapet

Formannskapet sitt ansvar/arbeidsområde i budsjett-/økonomisaker er regulert i kommunelova.

Myndigheit i saker om finansforvaltning er regulert i til ei kvar tid gjeldande reglement for finansforvaltning (skal vedtakast av kommunestyret).

3.0.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer myndighet i økonomiske saker slik det går fram av respektive reglement, herunder økonomireglement og finansreglement.

Rådmannen er delegert myndighet til å gjere innkjøp, inngå avtaler om leveringar mv., med mindre det er særskilt bestemt at dette skal avgjerast av kommunestyret sjølv eller anna kommunalt organ.

Kommunestyret delegerer til rådmannen å tildele kommunale bustad- og næringstomter.

4 Fast eigedom

4.0 Generelt

4.0.2 Formannskapet

Kommunestyret delegerer til formannskapet myndighet til å gjere vedtak om å skaffe seg, selja, makeskifte eller pantsette fast eigedom eller rettar i fast eigedom, der eigedomen eller retten har ein verdi på under 500.000 kr. Dette gjeld ikkje avhending eller erverv av mindre areal/areal av mindre verdi, som er delegert til rådmannen.

4.0.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer til rådmannen å:

1. ta erverv av mindre areal (under 500 m²) og/eller har ein verdi på inntil 100.000 kr, innanfor budsjetterte rammer
2. avhende mindre areal (under 500 m²)
3. ivareta kommunen sin grunneigarinteresse når det gjeld nabovarsel etter plan- og bygningslova
4. ivareta kommunen sine interesser m.o.t. teknisk infrastruktur
5. kjøpe bustader når det er løyvd pengar i gjeldande årsbudsjett

5 Bygge- og anleggssaker

5.0 Generelt

5.0.1 Kommunestyret

Løyvingar med tilhøyrande finansieringsplan blir vedteke av kommunestyret i samband med årsbudsjettet. For kvart prosjekt skal finansiering, og planlagt start- og sluttdato gå fram.

Sluttrekneskap for alle prosjekt skal framgå av årsmelding/årsrekneskap.

5.0.10 Rådmannen

Rådmannen set i gang planlegging av bygge- og anleggstiltak i samsvar med vedteken økonomiplan og årsbudsjett.

Rådmannen har ansvaret for oppfølging av all planlegging, organisering og gjennomføring etter at prosjektet er blitt byggesak. Rådmannen har myndigheit til å engasjere eventuelle konsulentar, arkitektar, byggeleiar, osv.

Rådmannen har myndigheit til å utarbeide tilbodsdocument, innhente tilbod og til å godkjenne kontraktar med entreprenørar.

Rådmannen har myndigheit til å vedta detaljprosjekt og endringar under byggetida som ligg innanfor dei rammevilkår som kommunestyret har gjeve - under dette også mindre endringar i romprogrammet.

6 Kommunekraft

6.0 Generelt

6.0.2 Formannskapet

Formannskapet gjer nærare vedtak om korleis kommunekrafta skal omsetjast, og kva periode omsetjinga gjeld.

6.0.10 Rådmannen

Rådmannen innhentar og godkjenner tilbod om kjøp og forvaltning av kommunekrafta.

7 Personalforvaltning

7.0 Generelt

7.0.1 Kommunestyret

Kommunestyret tilset rådmannen, og vedtek personalreglement.

7.0.2 Formannskapet

Formannskapet fattar vedtak om protokollar frå lønsforhandlingar med rådmannen, jf. Hovudtariffavtalen. Ordførar har ansvaret for å forhandle fram protokollane på vegner av formannskapet.

7.0.9 Ordføraren

Formannskapet fattar vedtak om protokollar frå lønsforhandlingar med rådmannen, jf. Hovudtariffavtalen. Ordførar har ansvaret for å forhandle fram protokollane på vegner av formannskapet.

7.0.10 Rådmannen

Rådmannen tilset i alle andre stillingar enn rådmannsstilling, har delegert myndigheit til å ta avgjerd i alle personalsaker, og til å gjere vedtak om suspensjon, oppseiing og avskjed. Rådmannen har full instruksjonsmyndigheit for tilsette i kommunen.

Rådmannen har delegert myndigheit til å gjennomføre lokale lønnsforhandlingar etter Hovudtariffavtalen og å vedta forhandlingsresultatet. Ved usemje har rådmannen delegert myndigheit til å anke etter reglane i Hovudtariffavtalen.

Rådmannen har delegert myndigheit til å gje innspel og stemme i samband med sentrale lønsforhandlingar, revisjon og uravstemming om Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen.

Rådmannen har delegert myndigheit til å organisere den kommunale administrasjonen, og kan opprette/omgjere/legge ned stillingar og lønsplassere desse innan dei budsjettrammer som kommunestyret fastset.

8 Kulturmidlar

8.0 Generelt

8.0.1 Kommunestyret

Kommunestyret vedtek retningslinjer for tildeling av kulturtilskott.

8.0.10 Rådmannen

Kommunestyret delegerer tildeling av kulturmidlar til rådmannen, i samsvar med retningslinjer fastsett av kommunestyret.

9 Kulturprisen og andre prisar

9.0 Generelt

9.0.2 Formannskapet

Kommunestyret delegerer til formannskapet å avgjere kven som skal ha kulturprisen og evt. andre prisar der det er kommunen som åleine peiker ut prismottakar.

9.0.9 Ordføraren

Ordføraren har myndigheit til å representere kommunen i juryar ved tildeling av prisar o.l. der kommunen v/ordførar skal være representert i juryen, og har kompetanse til å delegere til annan person å møte når ordføraren ikkje har høve til å delta sjølv, eller finn det tenleg at annan politikar/tenestemann deltek.

10 Særleg om interkommunale tiltak

10.0 Generelt

10.0.0 Generelt

Ved administrativt vertskommunesamarbeid er delegering, inkludert klagebehandling, regulert i kommunelova. Ved interkommunale samarbeidstiltak vil normalt evt. delegering av myndigheit være omtalt i vedtak om etablering og/eller samarbeidsavtalen. Eit slikt delegeringsvedtak vil være gjeldande om det ikkje er i strid med lov/forskrift eller andre avtaler, og er ikkje begrensa av føresegnene i dette reglementet.

Dersom delegering av myndigheit ikkje er særskilt vedteke for samarbeidstiltaket, er myndigheit delegert til det interkommunale tiltaket så lenge det er i samsvar prinsippa i dette reglementet og ikkje er i strid med lov/forskrift eller andre avtaler.

11 Beredskap/kriser

11.0 Generelt

11.0.10 Rådmannen

Rådmannen er leiar av kriseleiinga.

Myndigheit til kriseleiinga:

a) Kriseleiinga disponerer inntil 2 mill.kr. til nødvendig hjelp til kriseramma til forpleiing mv., avgrensing av skade og nødvendige sikringstiltak for å verne liv, verdiar og miljø, samt hjelp ved akutt behov for opprydding og utbetring av materielle skader.

Kriseleiinga kan overtrekkje rammebeløpet ved påtrengjande behov, og når formannskapet eller kommunestyret ikkje kan kallast saman.

b) Omdisponere kommunalt personell og maskiner/reiskap til nødvendige hjelpetiltak, og til utføring av andre nødvendige oppgåver som situasjonen krev.

c) Stanse mellombels enkelte av kommunen sine verksemder, der dette er nødvendig for å omdisponere ressursar.

d) Ta avgjerd som er nødvendig ut frå det situasjonen krev.

12 Klagebehandling

12.0 Generelt

12.0.0 Generelt

Formannskapet er kommunen si klagenemnd etter forvaltningslova, og skal behandle klager over einskildvedtak som er gjort av alle kommunale organ med unntak av formannskapet, med mindre det i lov/forskrift er bestemt at statleg organ skal være klageinstans. I saker der formannskapet har gjort vedtaket, skal kommunestyret være klageinstans.

Det kommunale organet som har gjort vedtaket (rådmannen eller eit politisk utval) skal også være underinstans i klagesaker.

Når rådmannen har vidaredelegert vedtaksmyndigheit på eit saksområde, har han også vidaredelegert myndigheita til å være underinstans i klagesaker, med mindre noko anna er særskilt bestemt. Så langt det let seg gjere innanfor habilitetsreglane, skal rådmannen då være saksbehandlar for formannskapet når dette opptrer som klagenemnd. Dette omsynet talar for at rådmannen, så langt han finn det forsvarleg/føremålstenleg, vurderer å vidaredelegere vedtaksmyndigheit i saker der formannskapet er klageinstans.

Ved administrativt vertskommunesamarbeid er klagebehandling særskilt regulert i kommunelova.